

# Ordføraren sitt hjørna – april 2018



Ein vinter med mykje snø og supert skiføre er på hell. Det har vore ein veldig god vinter for reiselivet med mykje folk i bygda. Det går mot vår og sommar i år også. Ein tur gjennom sentrum syner at no er arbeidet med å bygge «Høyt og Lavt parken» i full gang. Det er sagt at det er opning sist i juni. Dette vil bli noko nytt og spanande i Hemsedal, og for Hemsedal som heilårsdestinasjon. Det er mykje bra arbeid på gang for å styrke sommartilbodet. «Høyt og Lavt» kjem no, som er noko heilt nytt, og vil sikkert dra ein god del folk. Det vil gje fleire overnattingar både på private hytter og i utleigesenger, og skapa aktivitet og handel elles. Ringverknadane av slike fyrtårn vil vera mange. Idrettslaget og kommunen jobbar også for å binde Trøym sentrum betre saman på tvers med å utnytte Bruøyne som aktivitetsområde i tillegg til «Høyt og Lavt parken». Det er på gang eit prosjekt som inneheld bru over elva frå området ved Vertikal og ut på Bruøyne og stig vidare bort til Trøym sør. På Bruøyne vert det lagt opp til ein del installasjonar med diverse aktivitetar for heile familien. Dette er eit nærmiljøtiltak som også blir ei kopling til Idrettsplassen og stigar elles på sørsida av elva. Det er så absolutt eit folkehelseiltak. Formannskapet hadde dette på sakslista no, men fekk ikkje tid til å handsame saka. Den vart derfor utsett til neste møte. Dette er tenkt som eit spleiselag mellom kommunen, næringa, tippemidler og andre aktørar.

Hemsedal kommune støtta for litt sidan fyrste steg i ei større sykkelsatsing i Hemsedal med kr 350.000. Det fyrste steget er ein kortare stig i Totteskogen til 2 mill kroner, som no er finansiert og klar til å byggjast. Det er ein del av ei større felles sykkelutvikling, «Tråkk'n roll» i Hallingdal. Det er for Hemsedal laga ei 5-års masterplan med i alt 5 forskjellige stigar/tilbod, frå ein samanhengande sykkelstig gjennom bygda frå Ulsåk til Tuv til litt meir utfordrande stigar ved skisenteret og i Røggelia. Dette er ikkje ekstremtilbod, men eit familietilbod som passar for alle som kan sykle. Det er antyda ein prislapp på 17-20 millionar for alt dette. Kommunen har signalisert at sykkelsatsninga ser me på som svært positiv, og kommunestyret signaliserte at me vil støtte opp om dette spleiselaget med «vår» del. Trysil har dei siste 3 åra utvikla eit liknande sykkeltilbod, og sommarreiselivet har fått ein sterk vekst. Det er antyda at det er mellom 50-80 nye arbeidsplassar i Trysil på sykkelsatsinga. Det synes som om alpinturisten og sykkelturisten er mykje dei same folka. Skulle derfor vera midt i blinken for Hemsedal.

Elles er det mykje som tyder på at det blir byggestart på hotellprosjektet til Anders Buchardt no i sommar. På kommunestyremøtet i mars orienterte Anders Buchardt om framdrifta, og sal av leiligheitar var i rute. Det er også stor byggeaktivitet oppe i Skigaarden. Desse to prosjekta utvidar tilbodet i Hemsedal både når det gjeld overnatting, men også andre tilbod. Talet på nye arbeidsplassar vil auke ein god del.

Hemsedal kommune har som mål at det må skapast meir heilårsarbeidsplassar. Det gjer det mogleg for fleire å få fast arbeid og etablere seg med hus og heim. Det er vanskeleg i dag å få lån til hus dersom ein ikkje har fast jobb å syne til. For næringslivet i Hemsedal må det og vera ein styrke med større aktivitet i det som blir kalla lågsessong. Stabil arbeidskraft som kjenner forholda i bygda og krava til gjestene vil heve servicegraden endå meir. Det er derfor med spenning eg ventar på resultatet av strategiarbeidet som Hemsedal Turisttrafikklag har starta. Hovudspørsmålet er kva som skal til for at folk vel Hemsedal som sitt reisemål, og kvifor skal dei kjøpe hyttetomt eller fritidsbustad her. Like viktig er det å finne ut kvifor dei ikkje vil velja Hemsedal. Her er antakeleg totaltilbodet i bygda eit viktig parameter. Prosjektet vil gje svar eller gode signal på på kva som er bra og kva som ikkje er det. Kva etterspør gjesten? Arbeidet skal gjennomførast i år, og rapporten vil vera nyttig for vidare arbeid med kommuneplanen. Me vil legge til rette for vidare vekst framover, og at Hemsedal skal vera ei god bygd å bu i. Då er det viktig å ha best mogleg grunnlag for dei val me skal gjera.

Det er snart 17. mai. Det er ein folkefest. No er det 204 år sidan 1814 og grunnlovsarbeidet vart gjort, og det er 73 år sidan fredsdagane i 1945. Me lever i eit godt og trygt land. 17. mai og 8. mai er viktige historiske dagar for markering og ettertanke.

Så: «Du vår med ljose dagar»

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører